

System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Forord

Skuleeigar skal ha oversyn over tilstanden i dei vidaregåande skulane, ha kapasitet til å gjere nødvendige endringar og sjå til at skulane utviklar seg som lærande organisasjonar. Denne utfordringa skal handterast systematisk. Det er eit lovpålegg. Ei anna tilnærming til arbeidet med kvalitet er vel så positiv: Oversyn, analyse, planar for utvikling og ikkje minst gjennomføring av tiltak er ein fantastisk føresetnad for å skape skulekultur. Hordaland fylkeskommune har no hatt systemet med verksemdbasert vurdering på plass i fire år, og det er svært gledeleg at det er så stor grad av oppslutning og felles forplikting kring arbeidet med skuleutvikling.

Hordaland fylkeskommune ynskjer å tilby ungdommane våre fagleg sterke læringsmiljø der profesjonalitet og utviklingsvilje kjenneteiknar alle med ansvar og oppgåver. Difor er dette systemdokumentet eit avgjerande politisk signal om korleis opplæringssektoren skal arbeide med kvalitet – systematisk, langsiktig og målretta.

No er det viktig at utviklingsarbeidet ikkje blir rutine. Å få til endring krev tolmod, og vi må difor halde oppe innsatsen og engasjementet i åra framover. Dei skulane som veit kvar dei vil, og som står på utan å slå seg til ro med resultat på kort sikt, vil bli vinnarane over tid. Opplæringsdirektøren ynskjer alle skular til lukke med krevjande og inspirerande arbeid.

Bergen, 29. april

Svein Leidulf Heggheim
Opplæringsdirektør

System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane

**Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
2013**

Innhald

1. LOVGRUNNLAG OG OVERORDNA STYRINGSSIGNAL	3
2. SYSTEM FOR VERKSEMDBASERT VURDERING OG OPPFØLGING AV DET PEDAGOGISKE UTVIKLINGSARBEIDET	4
3. SKULANE SIN UTVIKLINGSPLAN.....	5
4. TILSTANDSVURDERING.....	6
5. DIALOG MELLOM SKULANE OG SKULEEIGAR OM PEDAGOGISK KVALITETSVURDERING OG KVALITETSUTVIKLING	7

1. Lovgrunnlag og overordna styringssignal

System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane er forankra i opplæringslova § 13-10. Fylkeskommunen som skuleeigar «skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylt» og «følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar». I tillegg skal skuleeigar «utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i (...) den vidaregåande opplæringa, knytt til **læringsresultat, fråfall og læringsmiljø**. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar (...) det vil seie fylkestinget.

Skulane og lærebedriftene skal i følgje forskrifta til opplæringslova § 2-1 ”jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet”.

I St. meld. 20 (2012-13) «På rett vei. Kvalitet og mangfold i felleskolen» blir det understreka at «skoleledelsen har ansvar for at skolen gjennomfører vurderingar av læringsmiljøet og elevenes læringsutbytte, og for at skolen utvikler seg som en lærende organisasjon der lærerne som et kollegium samarbeider om å forbedre undervisningen». «Lærere og instruktører har ansvar for å planlegge, gjennomføre og vurdere opplæringen i dialog med elevene og elevenes foresatte. Det er i klasserommet opplæringen foregår, og mye av utviklingsarbeidet må derfor skje her, som en integrert del av det daglige arbeidet.» (s.147)

System for verksemdbasert vurdering er Hordaland fylkeskommune sitt system for å følgje opp skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid. Dette dokumentet gjer greie for kva element som inngår i systemet, og korleis elementa samla skal bidra til ei heilskapleg oppfølging av arbeidet med pedagogisk kvalitetsvurdering og utvikling.

Systemet skal vere forankra på skulenivå og administrativt og politisk nivå i fylkeskommunen.

Skulane må ha eit system for verksemdbasert vurdering slik det er omtala i dette dokumentet, med gode rutinar for å hente inn, analysere og vurdere eiga pedagogisk verksemd.

På skuleeigarnivå er følgjande element ein del av systemet

- system for oppfølging og rettleiing av skulane
- styringsdokument frå Opplæringsdirektøren
- system for å hente inn og analysere dokumentasjon
- tilstandsrapport til politisk nivå

Politisk nivå skal årleg ha ein rapport som gjer greie for tilstanden i skulane, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten vil bli utarbeidd på grunnlag av tilgjengelege data i det skuleadministrative systemet, PULS (analyseverktøy), tilstandsrapportane frå skulane, rapportane frå skulebesøka, og andre tilgjengelege data. Rapporten skal gi eit godt grunnlag for politiske prioriteringar gjennom budsjettprosessen og styringssignal til skulane.

2. System for verksemdbasert vurdering og oppfølging av det pedagogiske utviklingsarbeidet


Alle dei vidaregåande skulane i Hordaland skal ha eit system for verksemdbasert vurdering. Føresetnader for at eit system for verksemdbasert vurdering skal bli vellukka, er at:

- Systemet tek utgangspunkt i skulen si kjerneverksemd – elevane si læring og vekst
- Systemet er forankra i heile organisasjonen og involverer alle tilsette og elevane
- Alle aktørar har kompetanse og vilje til å gjennomføre gode prosessar knytt til planlegging, gjennomføring og evaluering av arbeidet

Det er lagt opp til eit system som skal vere forsvarleg med omsyn til opplæringslova, og vere nyttig for skulane i deira utviklingsarbeid. Skulane har stor fridom i val av metodar og måten dei vel å organisere seg på. Det verksemdbaserte utviklingsarbeidet skal vere forankra i heile organisasjonen og ta utgangspunkt i eleven si læring.

Årshjul/årsplan

Skulane sitt verksemdbaserte utviklingsarbeid må organiserast på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Skulane blir oppfordra til å utarbeide eit årshjul/ årsplan knytt til utviklings- og vurderingsarbeidet. Skuleeigar sitt årshjul for den verksemdbaserte vurderinga følgjer dei ordinære budsjett- og styringsrutinane i fylkeskommunen. Dei ulike aktivitetane og kontaktpunkta mellom skulen og skuleeignivå er illustrert i følgjande figur:



3. Skulane sin utviklingsplan

Utviklingsplanen er skulen sitt planleggings- og styringsverktøy. Skulen sin utviklingsplan skal gi ei oversikt over skulen sine mål og utviklingsbehov. Planen skal også ta opp i seg nasjonale prioriteringar og føringar frå skuleeigar. Utviklingsplanen skal innehalde følgjande element:

Visjon

Visjonen uttrykkjer kva skulen vil stå for, og korleis skulen helst vil bli opplevd av andre. Visjonen kommuniserer ambisjonsnivå og er difor offensiv av prinsipp. Det er ein felles berande idé som skulen skal handle etter, og skal uttrykkjast gjennom ei kort setning eller eit enkelt uttrykk.

Pedagogisk plattform

Vidaregåande opplæring har eit felles rammeverk som skal leggjast til grunn for alt læringsarbeid. Dei sentrale dokumenta er Opplæringslova og Generell del av læreplanen, Prinsipp for opplæringa med Læringsplakaten og læreplanar i fag. På den ein skilde skule skal dei overordna rammene omsetjast i planlegging og handling. Ei pedagogisk plattform uttrykkjer kva verdiar og pedagogisk forståing skulen legg til grunn for eiga verksemd.

Prosess

Skulen sin utviklingsplan er eit forpliktande dokument. Det er difor avgjerande at planen er utvikla innanfor opne og tydelege prosessar. I prosessen må skolen sjå til at:

- Det er tydelig kven som har leiar- og ansvarsoppgåver knytt til planlegging og gjennomføring.
- Tilsette og elevar er involverte i arbeidet med planen.
- Organisasjonane er sikra medraderett etter prinsippa i Hovudavtalen.

Tiltaksplan

Tiltaksplanen skal gi ein årleg oversikt over skulen sine pedagogiske utviklingsmål og tiltak. Tiltaksplanen skal innehalde ei oversikt over følgjande:

Prioriterte tiltaksområde:					
Mål	Tiltak	Kvalitative kjenneteikn på måloppnåing	Resultatmål (Kvantitative kjenneteikn på måloppnåing)	Dokumentasjon/Evaluering	Ansvarlig
Kort beskriving av kva skulen ønskjer å oppnå	Kort beskriving av kva skulen konkret skal gjere/prøve ut	Kvalitative beskrivingar av kjenneteikn på ønska praksis	Ønska resultat knytt til kvantitative data som undersøkingar, karakterar, fråværm.m	Kort om når tiltaket skal evaluerast og korleis.	

Utviklingsplanen skal gi god og konkret retning i utviklingsarbeidet og legge eit godt grunnlag for tilstandsvurdering. Det er difor viktig at skulen kjem fram til ei felles oppfatning av kva vurderingskriterium som skal leggjast til grunn når skolen skal vurdere graden av måloppnåing med eit tiltak. Det kan gjerast i form av talfesta resultatmål, og/ eller

beskrivingar av kjenneteikn på kvalitet. Praktisk oppfølging og dokumentasjon av utviklingstiltak gjennom skuleåret, skal skje i analyseverktøyet PULS.

4. Tilstandsvurdering

Eit sentralt element i system for verksemdbasert vurdering er at skulane vurderer eigne resultat og prioriterer mål og tiltak. Formålet med systematisk tilstandsvurdering er at skulen med utgangspunkt i klasserommet skal vurdere i kva grad praksis og resultat er i samsvar med måla skulen skal realisere. Tilstandsvurdering inneber alle prosessar i skulen som har som mål å vurdere ulike sider ved kvaliteten på opplæringstilbodet. Det føreset at alle i skulesamfunnet deltek aktivt i vurdering av den pedagogiske verksemda. Vurderinga bør særleg rettast mot dei områda og måla som skulen har sett seg i utviklingsplanen.


Skulen si tilstandsvurdering skal leggjast til grunn for utarbeiding av utviklingsmål og tiltak. Når skulen legg felles analyse og vurdering av ståstad til grunn for endringsarbeid, vil skulen i større grad lukkast med å identifisere adekvate tiltak, og dermed sikre høgare grad av måloppnåing. Ulike analyseverktøy er berre nyttige for tilstandsvurderinga i den grad det blir lagt til rette for felles refleksjon og drøfting av funn. Skuleleiarane har det overordna ansvaret for å leggje til rette for involverande prosessar for tilstandsvurdering, og lærarar og elevar har ansvar for å bidra på ein konstruktiv måte.

Tilstandsvurderinga bør gå føre seg gjennom heile skuleåret. Dei grunnleggjande spørsmåla i arbeidet med tilstandsvurdering er korleis skulen skal samle, analysere og forstå ulike typar informasjon om skulen si pedagogiske verksemd. Det kan til dømes vere informasjon som kjem fram gjennom

- Eksterne og interne data og statistikk
- Eksterne og interne undersøkingar
- Dagleg drift

Den einskilde skule har i dag tilgang til ei rekkje data og informasjonsskjelder som seier noko om kvaliteten på opplæringa. Einsidig fokus på få datakjelder kan gi eit feilaktig bilete av tilstanden i skulen. For å sikre kvalitet på tilstandsvurderinga er det viktig at skulen ser ulike informasjonsskjelder i samanheng, og at fleire aktørar deltek i vurderingsprosessane.

Prosessar knytt til tilstandsvurdering må sjåast som kollektiv kompetansebygging. Det medfører at skulen kontinuerleg må vurdere kvaliteten på prosessane knytt til tilstandsvurdering. Tilstandsvurdering må ha som intensjon å stadig byggje ny felles forståing av korleis sider ved verksemda kan ha effekt på elevane sitt læringsutbyte. Figuren under syner dei tre hovudelementa som inngår i vurderingsarbeidet.



På grunnlag av vurderinga gjennom skuleåret skal skulen i juni utarbeide ein tilstandsrapport som drøftar læringsresultat og resultat av utviklingsarbeidet gjennom skuleåret. Eit viktig fokus i rapporten er skulen si vurdering av kor skulen står når det gjeld prioriterte satsingsområde i Opplæringsdirektøren sitt styringsdokument. I tillegg skal skulen beskrive og drøfte prosessane knytt til utviklingsarbeidet. Tilstandsrapportane frå skulane vil vere eit av fleire grunnlag for vidare rapportering til politisk nivå.

Tabellen under summerer opp dei viktigaste elementa som skal inn i tilstandsrapporten:

1	Vurdering og drøfting av resultat innanfor sentrale satsingsområde i HFK, jf. styringsdokumentet frå Opplæringsdirektøren. Resultatvurderinga skal skje på grunnlag av ulike typar dokumentasjon som <ul style="list-style-type: none">• Kvantitative data og statistikk i t.d. PULS, ITSL, Skulearena, Extens• Kvantitative data frå brukarundersøkingar i PULS• Kvalitative data om skulen si verksemd, som til dømes skriftlege oppsummeringar frå arbeid med tilstandsvurdering gjennom året i PULS, ITSL, m.m.
2	Kort skildring av prosessen knytt til det pedagogiske utviklingsarbeidet <ul style="list-style-type: none">• Korleis skulen har organisert arbeidet med verksemdbasert vurdering• På kva måte tilsette og elevar har vore involverte i arbeidet• Eiga vurdering av prosessen og konsekvensar for det vidare arbeidet
3	Kva utfordringar skulen ser for det vidare utviklingsarbeidet

Informasjon om dato for innlevering av tilstandsrapporten kjem fram i styringsdokumentet frå Opplæringsdirektøren.

5. Dialog mellom skulane og skuleeigar om pedagogisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling

St. meld. 20 (2012-13) «På rett vei. Kvalitet og mangfald i fellesskolen» slår fast at det er skuleeigar sitt ansvar å sikre kvalitet i opplæringa, og ha ein dialog med skuleleiinga om skulen sine resultat og utvikling (s. 147). Dialogen med skulane består av skulebesøk og oppfølging mellom besøka.

Det er regionleiar som har delegerte fullmakter frå Opplæringsdirektøren til å følgje opp skulane sitt arbeid med verksemdbasert vurdering i eigen region. Som eit ledd i styringsdialogen mellom ein skule og skuleeigar, går følgjande element inn i arbeidet med oppfølging av skulane.

- Skulebesøk
- Samtalar mellom regionleiar og rektor

Skulebesøk

Skulebesøka skal fungere som ein del av styringsdialogen mellom Opplæringsdirektøren og skulane. Regionleiarane har ansvar for skulebesøka i sine regionar, og opptre på vegner av Opplæringsdirektøren.

Målsetjinga med skulebesøka er:

- å styrke kvaliteten på opplæringa i dei vidaregåande skulane ved å etablere tettare dialog og samarbeid mellom skuleeigar og den einskilde skule
- støtte skulane i deira utviklings- og vurderingsarbeid
- gi fylkeskommunen betre kunnskap om kvaliteten på opplæringa i dei vidaregåande skulane

I skulebesøket vil ein saman analysere og vurdere dei resultata skulen oppnår i sitt utviklingsarbeid. Gjennom dialog vil ein også setje eit kritisk lys på skulen sin utviklingsplan og tilstandsrapport, og sjå på korleis skulen organiserer det verksemdbaserte vurderingsarbeidet.

Det er Opplæringsdirektøren som initierer møtet. Opplæringsavdelinga har ansvar for å kalle inn til skulebesøket og gjennomføre desse etter ein oppsett plan.

På skulebesøka vil Opplæringsavdelinga vere representert med regionleiar og fagtilsette i opplæringsavdelinga. Frå skulen skal følgjande delta på møtet:

- Rektor og skuleleiinga
- Tillitsvalde
- Representantar frå elevrådet

Dersom rektor ynskjer å ha med andre tilsette, må desse ha ei rolle i møtet. Det er viktig at alle som deltek er godt førebudd, kjenner dagsorden, og veit kva rolle dei har. Det er rektor si oppgåve å sjå til at dei som deltek frå skulen er førebudd. Deltakarane på skulebesøka skal vere til stades på heile møtet for å leggje til rette for dialog på tvers av ulike ansvarsområde.

Regionleiar leiar møtet, og planlegg møtet i forkant saman med rektor. Etter møtet blir det utarbeidd ein rapport som vert godkjent av både rektor og regionleiar. Rapporten ligg til grunn for regionleiar si vidare oppfølging av skulane.

Samtale mellom regionleiar og rektor

Målsettinga med samtalen er å støtte skuleleiarane og sette fokus på leiarutfordringar i utviklings- og vurderingsarbeidet gjennom å drøfte:

- Skulen sine resultat på ulike område
- Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling
- Drøfte val av strategiar og prosessar med rektor

Dette dokumentet vil ein handsame på nytt i samband med utarbeiding av nytt styringsdokument i 2015.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Opplæringsavdelinga
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 92 30
www.hordaland.no

April 2013